

# BU-prisen 2013

Fylkesordfører – gode fylkesting

Innovasjon Norge delar kvart år ut Bygdeutviklingsprisen. Det har dei siste åra vore tradisjon at dette skjer på Fylkestinget her i Sogn og Fjordane. Prisen vert delt ut ein gong i året til ei bedrift eller personar som står bak ei vellukka etablering eller suksess med vidareutvikling av ei bedrift. Kjernen og utgangspunktet i denne typen bedrifter skal vere landbruket og bygdene sine ressursar. Såleis er eit av formåla med prisen å synleggjere gode resultat frå landbruksrelatert næringsutvikling.

Juryen for prisen har bestått av Jenny Følling, Brit Brækhus, Ingrid Døskeland og Ann Elisabeth Tveit. Det blir kåra ein vinnar i kvart fylke, og desse konkurrerer i neste runde om den nasjonale Bygdeutviklingsprisen. Som direktør i Innovasjon Norge, har eg gleden av å presentere vinnaren av Bygdeutviklingsprisen for 2013.

Vinnaren har sidan oppstarten i 2009 bygd opp ei solid bedrift med i dag 12 tilsette. Ho deltok same året på Alkymisten, Innovasjon Norge si satsing på unge grunderar. Vinnaren er ei ung kvinne på 30 år – har lagt vekt på å tilby individ-tilpassa tilbod som inneheld ein aktiv og innhaldsrik kvardag, med fokus på meistring og gode opplevingar.

Vinnaren tilbyr tenester innan ein særskilt krevande sektor. Resultata som vinnaren har oppnådd blir difor endå meir imponerende. I løpet av den korte tida vinnaren har dreve eiga verksemd, har omsetnaden blitt dobla kvart år. I 2012 var omsetninga på kr 2,7 mil.

Vinnaren var allereie som ungdom bevisst på vegvalet i yrkeslivet. Ho ville tilby tenester til ungdom med særskilde utfordringar – på eigen gard. Med utdanning som sosionom og praksis frå omsorg, psykiatri og barnevern var ho særskilt fagleg kvalifisert til å starte eiga verksemd. Dessutan hadde ho gjennom yrkesvala, skaffa seg inngåande kunnskap om vurderingane til kundane – og ikkje minst: bygd eit tett nettverk med framtidige kundar. Dette er ei god oppskrift for ei å etablere ei suksessbedrift.

Vinnaren har gjort heimeleksa si – og er ein mønsterbedrift for Innovasjon Norge. Deltaking på etablerarkurset vårt Alkymisten i 2009, følgd opp med etablerarstipend og investeringstilskot og rentestøtte til utvikling av garden, har vore med å styrkje etableringa hennar og utløyst det potensiale ho har fått fram.

I tillegg til å vere systematisk og fagleg dyktig, har vinnaren eit vinnande vesen. Ho inngir tillit – og viser at ho har full kontroll.

Juryen har spesielt merka seg at ho, med utgangspunkt i den tradisjonelle drifta på garden, har utvikla eit fagleg veldig godt Inn på tunet-tilbod til ungdom med særskilde problem. Ho set kvar enkelt brukar i fokus og spesialtilpassar opplegget sitt.

Garden ligg i Angedalen i Førde kommune. Her tilbyr ho butilbod, avlastning, skule- og fritidstilbod. Ho har avtaler med barneverntenesta, NAV, psykiatritenesta og kommunane i Sunnfjord. Ei vellukka satsing innan ei utfordrande bransje. Det står respekt av å lukkast slik med Inn på tunet-tenester

Det er difor ein fryd for meg å kunne gratulere **Martha Bjørvik Angedal** som årets vinnar av Bygdeutviklingsprisen i Sogn og Fjordane.